



Leiar i Kvinnherad Turlag, Anne Kari Enes, her lettare kamuflert som indianar under friluftsdagen på Fjellandsbø i Uskedalen, kan gle seg over framleis vekst i medlemstalet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Neste tysdag, 18. november, inviterer Kvinnherad Turlag til tradisjonell fjelltrimfest i Helgheim for alle som har delteke i årets fjelltrim. Og festen er denne gongen også noko meir: Det skal samstundes markerast at laget fyller 10 år ettersom det vart skipa 5. november 1998.**

Det vert lett underhaldning ved elevar frå musikkskulen og forteljing. Vidare vert det premiering av alle borna sunder 15 år og trekking av vinstar blant alle som har fullført kravet. Turlaget byr også på kaffe og kaker.

Ved 10-årsmarkeringa kan leiinga i laget gle seg over framleist vekst. 20 nye medlemmer dette året gjev ein vekst på 3,17 prosent og medlemstalet er dermed oppe i 651! Det har vore ein jamn og god auke gjennom heile tiårsperioden. I stiftingsåret var det 327 DNT-medlemmer i Kvinnherad som automatisk fekk medlemskap i laget.

Kvinnherad Turlag er eit lokallag av Bergen Turlag som har 22.176 medlemmer.

Av Ola Matti Mathisen